

Årleg rapport etter paragraf 5 i openheitslova

Grunnleggande informasjon	Rapporteringseining	Nettstad	Rapporteringsdato	Rapporteringsperiode
	Ulstein Group ASA, reg. nr. 980 489 876	https://ulstein.com/	27.05.2025	01.01.2024 - 31.12.2024
Seksjon A Generell beskriving	A1. Generell beskriving av verksemda sin struktur og aktivitetsområde			
	Om Ulstein Group			
	Eigarstruktur (% eigardel)	Ulstein Group ASA ("Ulstein") er eit allmennaksjeselskap, eigd av ca. 600 aksjonærar. Ulsmo AS eig i dag 64,2 % av aksjane og dei 593 andre aksjonærane eig dei resterande 36,097 % av aksjane. Ei fullstendig oversikt over dei til ei kvar tid største aksjonærane finst på https://proff.no/ .		
	Forretningsområde og datterselskap	<p>Ulstein og datterselskapa ("Ulstein Group") er omfatta av denne rapporten og organiserte i følgjande forretningsområde:</p> <p>Forretningsområdet Design & Solutions: Ulstein Design & Solutions AS, Norge (sjå eigen rapport her Transparency Act / Openheitslova - Ulstein) Ulstein Design & Solutions BV, Nederland inkl. Ulstein Design & Solutions BV og Ulstein Advanced Analysis Ulstein Power & Control AS, Norge (sjå eigen rapport her Transparency Act / Openheitslova - Ulstein) Ulstein Poland Ltd. Sp. Z.O.O., Polen Ulstein Marine Systems (Shanghai) Co. Ltd., Kina Ulstein Marine Equipment (Ningbo) Co. Ltd., Kina Ulstein Electrical Technology (Ningbo) Co. Ltd., Kina</p> <p>Forretningsområdet Shipbuilding: Ulstein Verft AS, Norge (sjå eigen rapport her Transparency Act / Openheitslova - Ulstein) Ulstein Elektro Installasjon AS, Norge</p> <p>Analyse og forsking: Ulstein International AS, Norge</p> <p>Digitalisering: Blue Ctrl AS, Norge</p>		
	Produkt/tenester	<p>Ulstein Group vart grunnlagd i 1917 og har hovudkontor i Ulsteinvik, Norge. Ulstein Group er eit konsern som består av fleire verksemder som opererer i den maritime næringa. Ulstein Group tilbyr eit breitt spekter av produkt og tenester, inkludert skipsdesign, skipsbygging, utstyrsplakk og maritime løysingar over heile verda.</p> <p>Ulstein Groups visjon er å skape morgondagens løysingar for berekraftige marine operasjonar. Ulstein Groups største marknader er Europa, Nord-Amerika og Søraust-Asia. Fordelinga mellom dei ulike forretningsområda når det gjeld omsetning per 31.12.2024, er som følger: Skipsbygging (89 %) Design & Solutions (13%) og annet (-2 %). Forretningsområdet Shipping er avvikla etter at Ulstein Shipping og Blue Ship Invest ble fusjonert inn i Ulstein Verft Eiendom AS med verknad frå 01.01.2024.</p>		
	Ulstein Groups leverandørkjede			
	Direkteleverandørar (førstestedds leverandørar)	<p><u>Eiga verksemد:</u> Ulstein Group har 11 internleverandørar i 4 land og 2 bransjar: (a) Norge (54%), Kina (27%), Nederland (9%), Polen (9%) (b) Skipsbygging (50%), Maskiner, utstyr (50%)</p> <p><u>Leverandørkjede:</u> Ulstein Group har 360 direkteleverandørar (Tier-1) i 21 land og 45 bransjar (a) Norge (52 %), Nederland (20 %), Polen (9 %), Kina (3 %), Japan (2 %), Danmark (1 %), Sverige (1 %), Tyskland (1 %), Taiwan (1 %), Storbritannia (1 %) og 11 andre land (< 1%). (b) Detalj- og engroshandel (13%), Maskiner, utstyr (8%), Bilindustri (7%), Anna (7%), Skipsbygging (5%), Elektronikk (4%), Bygg og anlegg (3%), IT / Programvare (3%), Luftfart (3%), Konsulenttenester (3%), Kjemikalier (2%), Finans- og forsikringstenester (2%), Metall, mineral (2%), Transport, logistikk (2%), Møbler (2%), Sivilingeniørarbeid (2%), Jernbane og anna transportutstyr (1%), Forsvar (1%), Medisinsk teknologi (1%), Forsyningstenester (1%), Telekommunikasjon (1%), Hotell og overnatting (1%), Utstyrspakkar (1%), Egedom (1%), Marknadsførings- og kommunikasjonstenester (1%), Datamaskiner (1%), Juridiske tenester (1%) og 18 andre bransjar (< 1%).</p>		

	<p>Indirekte leverandørar (frå og med andre-ledds leverandørar)</p> <p><u>Indirekte leverandørkjede:</u></p> <p>Ulstein Group har hittil identifisert ca. 3839 indirekte leverandørar (Tier-N) i 62 land og 46 bransjar</p> <p>(a) Kina (15%), Vietnam (13%), India (10%), Tyskland (6%), USA (6%), Taiwan (5%), Singapore (5%), Norge (3%), Sveits (2%), Nederland (2%), Indonesia (2%), Mexico (2%), Filippinene (2%), Belgia (2%), Japan (2%), Italia (1%), Sør-Korea (1%), Malaysia (1%), Thailand (1%), Polen (1%), Frankrike (1%) og 41 andre land (< 1%).</p> <p>(b) Detalj- og engroshandel (15%), Bilindustri (14%), Anna (10%), Maskiner, utstyr (8%), Elektronikk (8%), Kjemikalier (6%), Luftfart (6%), Metall, mineral (6%), Møblar (5%), Hotell og overnatting (2%), Plast, gummi (2%), Bygg og anlegg (1%), IT / Programvare (1%) og 33 andre bransjar (< 1%).</p>
	<p>A2. Generell beskriving av retningslinjer og prosedyrar for handtering av faktiske og potensielle skadeverknader</p> <p>Identifisering og vurdering av negative konsekvensar</p> <p>Ulstein Group er forplikta til å respektere internasjonalt anerkjende menneskerettar og å sørge for å fremje respekt for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga forretningsdrift og i våre verdikjeder. Vi støttar internasjonalt anerkjende menneske- og arbeidstakarrettar, inkludert Verdserklæringa om menneskerettar, FNs konvensjon om sivile og politiske rettar og FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, ILOs erklæring om grunnleggande prinsipp og rettar på arbeidsplassen og ILOs kjernekonvensjonar. Vi støttar vidare OECDs retningslinjer for multinasjonale føretak, UK Modern Slavery Act og den norske openheitslova. Basert på dette har vi gjennomført aktsemdunderingar for å identifisere faktiske negative konsekvensar og vesentleg risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold knytt til Ulstein Group si verksemd. Vi har vidare implementert eit digitalt system for gjennomføring av risikovurderingar og overvaking av moglege negative konsekvensar av vår verksemd og for å handtere eventuelle funn gjennom iverksetting av passande tiltak i samsvar med openheitslova.</p> <p>Ulstein Groups etiske retningslinjer og rutinar for gjennomføring av aktsemdunderingar og oppfølging av vilkåra i openheitslova er vedtatt av styret. Risikokartlegging og tilhøyrande risikovurderingar er gjort i samarbeid med tillitsvalde og verneombod. Ansvar for oppfølging av openheitslova er tydeleg plassert i verksemda og det blir rapportert til styret minst ein gong per år. Leiar for innkjøpsavdelinga har det overordna ansvaret for implementering og oppfølging av aktsemdunderingar i tråd med openheitslova, leiar for kommunikasjonsavdelinga har overordna ansvar for handtering av informasjonsførespurnader, og leiar for juridisk avdeling har det overordna ansvaret for utarbeidning av årlege rapportar etter openheitslova og rapportering til styret i Ulstein.</p> <p>Kartlegging av Ulstein Groups eiga verksemd er utført gjennom ein kombinasjon av eigenevalueringar, regelmessige interne revisionar og lokale inspeksjonar, samt regelmessige tredjepartsrevisjonar i samband med sertifisering og resertifisering. Vårt største datterselskap, Ulstein Verft AS, er ISO-9001 og ISO-14001-sertifisert.</p> <p>Kartlegging av Ulstein Groups leverandørkjede og forretningspartnerar er utført ved hjelp av Prowave sitt digitale system for risikovurdering og overvaking (www.prowave.com). Kartlegginga baserer seg på ein kombinasjon av spesifikk informasjon innhenta frå våre direkteleverandørar gjennom dedikerte spørjeskjema (DDQ) og offentleg tilgjengeleg informasjon som t.d. fraktdokument, konnosement, tolldokumentasjon, etc. Den innhenta informasjonen blir samanhaldet med informasjon frå relevante indeksar som bl.a. World Justice Project (WJP) Rule of Law Index® (https://worldjusticeproject.org/rule-of-law-index/country/2024) og International Trade Union Confederation (ITUC) Global Rights Index (https://www.ituc-csi.org/global-rights-index), samt informasjon frå web-baserte søkemotorar som fangar opp medieværslar frå heile verda.</p> <p>Informasjonsinnhentinga inkluderer bl.a. risikofaktorar knytt til land og industri, og finansielle og miljømessige risikoaspekt knytt til dei aktuelle verksemndene sin aktivitet. Informasjonsinnhentinga omfattar dei siste to åra og tek sikte på å identifisere alvorsgrad og sannsynlegheit for faktiske negative konsekvensar og vesentleg risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som Ulstein Group anten har forårsaka eller bidrige til. Basert på ulike faktorar, som til dømes styringssystem, cyberrisiko, operasjonelle stressfaktorar, juridiske stressfaktorar, industriulukker, politisk uro, strategisk utvikling, økonomisk stress, CSR, humanitære kriser og arbeidskonfliktar, får kvar leverandør ein score frå 0 til 100, der 100 representerer ingen oppdagad eller forventa risiko, og 0 viser at kritisk risiko er oppdagad. Ulstein Group vurderer leverandørar med risikoscore lågare enn 65 som høgrisikoleverandørar. Den enkelte leverandør sin risikoscore blir samanhaldet med Ulstein Groups moglegheit for innverknad på den relevante leverandøren, noko som vert vurdert, bl.a. på grunnlag av Ulstein Groups årlege innkjøp sett i forhold til den aktuelle leverandørens totale årlege omsetnad. Val av leverandørar og iverksetting av eventuelle risikoreduserande- og/eller avbøtannde tiltak blir gjort etter ei konkret vurdering av risikograd og prioritering basert på vår mogelegheit for påverknad.</p> <p>Aktsemdunderingane er basert på ei brei kartlegging for å identifisere fleire område av verksemda, på tvers av land og operasjonar, inkludert vår leverandørkjede og forretningspartnerar, der risikoen for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold er vurdert å vere størst og mest aktuell. Kartlegginga er basert på OECD sine retningslinjer med fokus på bransjerisiko, geografisk risiko, produkt-/tenesterisiko og selskapsrisiko.</p> <p>I kartlegginga av grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold har vi bl.a. fokusert på følgande kategoriar: utnytting av barn, barnearbeid, diskriminering, tvangsarbeid, moderne slaveri, seksuelle overgrep, demonstrasjonar, løns- tjuveri, leveløn, streik, arbeidskonfliktar, helse, miljø, sikkerheit, ulukker, sjukdom, skade og dødsfall.</p> <p>Basert på risikokartlegginga er det gjort ei prioritering basert på alvorsgrad og sannsynlegheit, og det er gjort ei meir detaljert risikovurdering med utfall som angitt nedanfor.</p>

	<p><u>Bransjerisiko:</u> Verftsindustrien generelt står overfor flere utfordringar knytt til grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Følgjande ibuande risikoar er av industrielle organisasjonar vurderte som nøkkelrisikoar i verftsindustrien:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tvangsarbeid eller risiko for tvangsarbeid • Dårleg implementering og respekt for grunnleggande QHMS-arbeid • Mangel på anstendig betaling til arbeidarar for utført arbeid • Overdriven bruk av overtid og manglende betaling for utført overtid • Mangel på tilfredsstilande forsikringar/pensjonsordningar • Dårlege arbeids- og/eller butilhøve for innleidg personell/innvandrarpersonell. <p><u>Geografisk risiko:</u> For å vurdere generell landsrisiko har vi brukt WJP Rule of Law Index® og Global Rights Index. Den overordna risikovurderinga indikerer at bl.a. Myanmar, Egypt, Kina, Tyrkia, og Venezuela er høgrisikoland for brot på menneske- og arbeidstakarrettar, og at bl.a. følgande land har middels risiko: Polen, Hong Kong, Bosnia-Hercegovina og Ukraina. Land som bl.a. Danmark, Norge, Sverige og Tyskland scorar høgt og inneber låg risiko med godt etablerte system for å sikre rettferd og vern av sine arbeidatar.</p> <p><u>Tenestespesifikk risiko:</u> Leveransane frå Ulstein Group inkluderer fartøy, utstyr, materiell og tenester som involverer eit breitt spekter av leverandørar lokalisert over heile verda, og som opererer innan ulike industriar og bransjar. Manglende visibilitet i leverandørkjeda til leverandørar og underleverandørar i samband med produksjon av materiale og utstyr, kan auke risikoen for uoppdaga brot på grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.</p> <p><u>Etterfølgande ledd:</u> Aktsemdvurderingane omfattar også etterfølgande ledd, hovudsakleg kundar og samarbeidspartar og er utført ved hjelp av vårt digitale system for risikovurdering og overvakning. Vurderinga er basert på dei same prinsippa som nemde ovanfor (som risiko relatert til bransje og geografi), samt at vi også har fokus på risiko rundt sanksjonar, kvitvasking og korrrupsjon. Framover vil vi kartlegge vidare i kva grad vi kan ha forårsaka eller bidratt til negative konsekvensar som fylgje av vår relasjон til etterfølgande ledd.</p> <p>Varsel om negative konsekvensar i eiga verksemeld eller i leverandørkjeda, blir mottekte gjennom ulike kanalar: (1) medieovervakning, (2) klagerapportar og/eller (3) andre kanalar (t.d. funn frå revisjonar, interne varsllarrapportar, etc.). For å avgjere om det mottekte varselet utgjer ein faktisk negativ konsekvens, blir varselet og den aktuelle saka vurdert ut frå alvorsgraden for dei involverte partane (t.d. om hendinga er uoppretteleg, talet på ramma personar osb.) og korvidt Ulstein Group anten har forårsaka eller bidratt til dei negative forholda det blir varsla om.</p> <p>Vesentlege risikoar for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i vår eiga verksemeld, i verksemda til forretningspartnerane våre og/eller i leverandørkjeda vår blir identifiserte gjennom ei risikobasert vurdering der kvar leverandør eller eige dotterselskap vert klassifiserte med anten låg, middels eller høg risiko basert på ein kombinasjon av land-, bransje-, råvare-, media-, vurderings- og klagebaserte risikofaktorar i dimensjonane grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Den overordna risikovurderinga blir gjennomført ein gong per år. Den overordna risikovurderinga blir dessutan oppdatert ved vesentlege endringar i risikonivået, i vår eiga verksemeld og/eller i våre leverandørkjeder.</p>
Implementering av eigna tiltak for å stanse, forhindre eller avbøte negative konsekvensar	<p>Eigna tiltak for å stanse, forhindre eller avbøte faktiske negative konsekvensar blir vurderte frå sak til sak og kan typisk omfatte tiltak som å utarbeide og implementere korrigerande handlingsplanar, initiere leverandørsamarbeid og bransjesamarbeid. Dei aktuelle tiltaka vert valde ut frå ei kombinert vurdering av alvorsgrad, eige bidrag og i kva grad vi faktisk har mogelegheit for å påverke faktisk utbetring av den aktuelle situasjonen.</p> <p>Eigna tiltak for å redusere vesentleg risiko og forhindre negative konsekvensar blir vurderte frå sak til sak og vil typisk omfatte førebyggande tiltak som kontraktuelle forpliktingar (plikt til å overhalde "Code of Conduct for ULSTEIN's Business Partners"), risikobaserte kontrolltiltak (vurderingar, revisionar, medieovervakning osb.) og kapasitetsbyggande tiltak (opp læring, dilemmatrening, leverandørengegasjement osb.) basert på ei kombinert vurdering av sannsynlegheit for uhedlige konsekvensar, leverandøren sitt eige bidrag og i kva grad Ulstein Group faktisk har reell mogelegheit for å påverke og iverksette avbøtande tiltak.</p>
Retningslinjer og rutinar	<p>Hovudprinsippa for å ivareta internasjonalt anerkjende menneskerettar og anstendige arbeidsforhold er innarbeidd i Ulstein Groups etiske retningslinjer som er godkjent av styret og den daglege leiinga. Ulstein Groups retningslinjer og prosedyrar inkluderer følgande dokument:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etiske retningslinjer for Ulstein Group • Etiske retningslinjer for Ulstein Groups forretningspartnerar • Rettninglinjer om arbeidsgjevars plikt til å kontrollere løns- og arbeidsvilkår (Påsjåplikt) • HMS-reglar • Rettninglinjer for varsling <p>Ulstein Groups retningslinjer og prosedyrar er utarbeidd og blir jamleg oppdaterte for å sikre at prinsippa i dei etiske retningslinjene blir nytta og følgj opp overfor leverandørar og forretningspartnerar der det er relevant.</p> <p>Våre retningslinjer og rutinar er tilgjengeleg digitalt for våre tilsette og blir formidla til våre samarbeidspartar der dette er relevant. Det blir gitt opp læring til våre tilsette i relevante tema i tråd med Ulstein Groups Compliance-program. Alle Ulstein Groups direkteleverandørar er forplikta til å følge "Code of Conduct for ULSTEIN's Business Partners" og implementere tilsvarende krav og forsvarlege prosedyrar for oppfølging av desse i si eiga leverandørkjede. Vidare har vi implementert konkrete tiltak for å sikre etterleving av krava i våre etiske retningslinjer. Dette inkluderer bl.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennom aktsemdvurderingar identifisere risikoar som kan forårsake eller bidra til negative innverknader på grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold gjennom Ulstein Groups eigne aktivitetar og adressere slike konsekvensar når dei oppstår • Gjennomføre førebyggande tiltak for å hindre at identifiserte risikoar materialiserer seg

		<ul style="list-style-type: none"> • Søke å avbøte negative innverknader for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som er direkte knytte til Ulstein Groups verksemd eller som nokon av forretningspartnerane har bidratt til gjennom oppdrag for Ulstein Group • Vurdere, overvake og rapportere om framdrift og resultat <p>Som medlem av UN Global Compact (UNGC) sidan 2013, rapporterer Ulstein Group årleg på UNGC sine ti prinsipp innan områda menneskerettar, arbeidstakarrettar, miljø og anti-korrasjon. Det blir også utarbeidd ein eigen ESG-rapport.</p>
	Kanalar for openheit/varslign	<p>Vi oppmodar til openheit og legg til rette for både intern og ekstern varsling gjennom fleire kanalar:</p> <p>etikk@ulstein.com og telefon +47 954 43 335 (24-timars service)</p> <p>openheitslova@ulstein.com (https://ulstein.com/transparency-act)</p>
B1. Informasjon om faktiske negative konsekvensar som er identifiserte		
Talet på faktiske identifiserte negative konsekvensar		
Eiga verksemd		
Direkteleverandørar		
Indirekte leverandørar		
Beskriving av faktiske negative konsekvensar som er identifiserte		
Seksjon B Negative konsekvensar identifisert	Eiga verksemd	Ingen faktiske negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold er identifisert i vår eiga verksemd i rapporteringsperioden. Ulstein Group har klare prosedyrar for å overvake og sikre at vår eiga verksemd er i samsvar med nasjonale- og internasjonale krav.
	Direkteleverandørar	<p>Det er i rapporteringsperioden ikkje identifisert faktiske negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold som Ulstein Group har forårsaka eller bidrege til, eller som er direkte knytt vår forretningsverksemd, produkt eller tenester gjennom våre direkteleverandørar. Det er imidlertid identifisert 19 avvik knytt til grunnleggande menneskerettar og/eller anstendige arbeidsforhold som er knytt til våre direkteleverandørar i rapporteringsperioden, men då anten gjennom selskap i same konsern som våre direkteleverandørar eller i relativ til andre produkt og/eller produksjonslinjer. Avvika er fordelt på 6 tilfelle knytt til grunnleggande menneskerettar og 13 tilfelle knytt til anstendige arbeidsforhold. Dei identifiserte avvika knytt til anstendige arbeidsforhold gjeld i hovudsak leverandørar i Tyskland, Storbritannia, Sverige og Norge, og omfattar bl.a. manglende vernemekanismar og overdriven bruk av overtid, særleg i dei nordiske landa og Tyskland. Det er og identifisert avvik knytt til grunnleggande menneskerettar hos ein direkteleverandør i Kina. Dei aktuelle leverandørane i Tyskland, Sverige og Storbritannia utgjer ein liten del av totalt innkjøpsvolum (om lag 1%). Arbeidet med vidare kartlegging og oppfølging pågår.</p>
	Indirekte leverandørar	<p>Det er i rapporteringsperioden ikkje identifisert faktiske negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold som Ulstein Group har forårsaka eller bidrege til, eller som er direkte knytt vår forretningsverksemd, produkt eller tenester gjennom våre indirekteleverandørar. Det er imidlertid i rapporteringsperioden identifisert 18 avvik knytt til grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold knytt til Ulstein Group sine indirekte leverandørar (Tier-N), fordelt på 3 avvik knytt til grunnleggande menneskerettar og 15 avvik knytt anstendige arbeidsforhold. Det kan ikkje utelukkast at nokre av dei identifiserte avvika kan vere direkte knytt til vår forretningsverksemd, produkt eller tenester gjennom våre indirekte leverandørar, men dette er ikkje stadfesta. Dei identifiserte avvika knytt til anstendige arbeidsforhold gjeld i hovudsak leverandørar i Kina, Brasil, Tyskland, Sør-Korea, Italia og Sverige, og omfattar mellom anna indikasjonar på manglende vernemekanismar, overdriven bruk av overtid, underbetaling og svak etterleving av gjeldande arbeidsmiljøstandardar. Identifiserte avvik knytt til grunnleggande menneskerettar gjeld tilfelle som kan indikere manglende rettsvern for arbeidarar og svikt i ivaretakinga av individets grunnleggande rettar.</p> <p>Funna styrkjer vurderinga frå føregåande rapporteringar om at det er sannsynleg at faktiske negative konsekvensar i den indirekte leverandørkjeda har vore til stades utan å ha blitt fanga opp. Funn frå årets kartlegging viser at det er utfordringar i ledd lenger ut i verdikjeda, og underbygger behovet for forbetra metodeverk, datagrunnlag og system for oppfølging og verifikasjon. Ulstein Group arbeider med oppfølging av relevante leverandørar, samt styrking av arbeidet med ansvarleg innkjøp og val av leverandørar på tvers av heile leverandørnettverket.</p>
B2. Informasjon om vesentleg risiko for negative konsekvensar som er identifiserte		
	Eiga verksemd	<p>Ulstein Group har gode rutinar og retningslinjer for å sikre grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd, og effektive kontrollmekanismar for å avdekke eventuelle avvik er etablert. I den maritime bransjen generelt er det identifisert ibuande risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Potensiell risiko for negative konsekvensar knytt til eiga verksemd inkluderer såleis:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Risiko for personskade knytt til utføring av farleg arbeid

		<ul style="list-style-type: none"> Risiko for mobbing og trakassering Strenge fristar og store økonomiske konsekvensar ved forseinka leveransar kan medføre risiko for overdriven bruk av overtid både i eiga verksemد og i leverandørkjeda <p>Det er gjennom 2024 ikkje identifisert vesentleg risiko for negative konsekvensar knytt til grunnleggande menneskerettar i eiga verksemد.</p>		
	Direkteleverandørar	<p>Analysen av Ulstein Group sine direkteleverandørar for rapporteringsåret 2024 viser ei vidareføring av dei same risikoane som tidlegare er identifisert, men med auka merksemد på alvorlege forhold knytt til menneskerettar og arbeidsvilkår. Vi har avdekt betydeleg risiko for brot på grunnleggande arbeidstakarrettar, inkludert tvangsarbeid eller risiko for tvangsarbeid, moderne slaveri, diskriminering, underbetaling, därleg implementering og respekt for grunnleggande QHMS-arbeid og uetisk arbeidspaksis. Det er og registrert risiko for brot på retten til organisasjonsfridom og kollektive forhandlingar, særleg hos leverandørar i Kina og Polen.</p> <p>Vidare ser vi risiko knytt til overdriven bruk av overtid, mangefull timeregistrering og mangel på vernemekanismar for arbeidstakarar. I Kina er det framleis høg risiko for negative konsekvensar knytt til avgrensa ytringsfridom, religionsfridom og ibuande rettsvern for arbeidrar.</p> <p>Risikoane identifisert i leverandørkjeda (37) er i hovudsak knytt til:</p> <p><u>Menneskerettar:</u></p> <p>Norge (9), Nederland (7), Polen (5), Kina (4), Finland (1)</p> <p><u>Anstendige arbeidsforhold:</u></p> <p>Nederland (4), Polen (4), Norge (2), Singapore (1)</p> <p>Når det gjeld transjerisiko, peikar analysane våre på at sektorane med høgast risiko for alvorlege negative konsekvensar er konstruksjon, transport og logistikk, kjemikaliar, IT og programvare, samt maskinar og utstyr. Ulstein Group vil halde fram med å overvake, vurdere og følgje opp risikoane tett, og sikre at våre leverandørar etterlever krav til internasjonale standardar for menneskerettar og arbeidstakarrettar.</p> <p>Det er gjennom 2024 ikkje identifisert vesentleg risiko for negative konsekvensar knytt til grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold som Ulstein Group har forårsaka eller bidrege til, eller som er direkte knytt vår forretningsverksemد, produkt eller tenester gjennom våre direkteleverandørar.</p>		
	Indirekte leverandørar	<p>Analysen av Ulstein Group sine indirekte leverandørar har vore omfattande, og har avdekt eit betydeleg tal varsel om potensiell risiko for brot på grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Varslingane er eit resultat av ei kartlegging av store delar av Ulstein Group si globale verdikjede. Det pågår no eit systematisk arbeid med å vurdere og prioritere varsla for å identifisere dei mest alvorlege risikoane for negative konsekvensar.</p> <p>Risikoane identifisert i den indirekte leverandørkjeda kan knytast til:</p> <p><u>Menneskerettar:</u></p> <p>Norge (10), Nederland (7), Polen (4), Singapore (1), Dei foreinte Arabiske Emiratar (1)</p> <p><u>Anstendige arbeidsforhold:</u></p> <p>Nederland (4), Norge (3), Polen (3), Kina (1).</p> <p>Som i analysen av direkteleverandørar, viser vurderingane at transjerisikoen blant indirekte leverandørar er særleg høg innan sektorane konstruksjon, transport og logistikk, kjemikaliar, IT og programvare, samt maskinar og utstyr. Dette underbygger behovet for målretta oppfølging og forsterka risikoreduserande tiltak i dei mest utsette delane av leverandørkjeda.</p> <p>Det er gjennom 2024 ikkje identifisert vesentleg risiko for negative konsekvensar knytt til grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold som Ulstein Group har forårsaka eller bidrege til, eller som er direkte knytt vår forretningsverksemد, produkt eller tenester gjennom våre indirekte leverandørar.</p>		
		C1. Tiltak som er planlagtsett i verk for å stanse faktiske negative konsekvensar		
Seksjon C Tiltak	Type tiltak	Beskriving	Eiga verksemد	Leverandørar
	Informasjon frå leverandør	Etterspørje informasjon frå leverandør om faktiske negative konsekvensar og status for utbetring	N/A	N/A
	Korrigerande handlingsplan	Korrigerande handlingsplan tilpassa leverandøren	N/A	N/A
	Interessentengasjement	Engasjement og dialog med relevante interessentar	N/A	N/A
	Leverandørengasjement	Gjennomføring av arbeidarundersøkingar, etablering av klagemekanismar hos leverandøren	N/A	N/A
	Bransjesamarbeid	Samarbeid med bransjekollegaer for felles utbetring med auka påverknad	N/A	N/A
	Revisjon på staden	Revisjon på staden for å inspisere og kontrollere gjennomføring av utbetringstiltak	N/A	N/A
	Dilemmatrening	Gjennomføring av opplæring for arbeidrar og/eller leiing for bevisstgjering	N/A	N/A

	Beskriving av resultat eller forventa resultat																																										
	<p>I løpet av 2024 har Ulstein Group gjort betydelege framsteg i å forbetre oversikta over våre indirekte leverandørar. Dette har gitt oss betre grunnlag for å kunne identifisere faktiske negative konsekvensar. Basert på varsel frå vårt digitale system for risikovurdering og overvaking knytt til moglege faktiske negative konsekvensar i vår leverandørkjede, har vi etterspurt informasjon frå fleire direkteleverandørar. I løpet av regnskapsåret 2024 har Ulstein Group gjennomført totalt 5 tiltak for vurdere varsel om mogelege negative konsekvensar. Av dei er alle fullført.</p> <p>Eksempel på tiltak som er gjennomført:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Leverandørengasjement • Internvurderinger • Førespurnad om uttale <p>Etter mottak av relevant informasjon, har det vist seg at dei aktuelle varsla ikkje gjaldt verksemder i vår leverandørkjede, men selskap i same konsern. Ulstein Group vil fortsette å arbeide aktivt med å identifisere og stanse faktiske negative konsekvensar i vår leverandørkjede.</p>																																										
	<p style="text-align: center;">C2. Tiltak planlagt/sett i verk for å redusere vesentleg risiko for negative konsekvensar</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Type tiltak</th><th>Beskriving</th><th>Eiga verksemد</th><th>Leverandørar</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Etiske retningslinjer</td><td>Skriftleg forpliktning til å etterleve Ulstein Groups etiske retningslinjer</td><td>Ja</td><td>Ja</td></tr> <tr> <td>Vurdering av modenheit</td><td>Vurdere modenheitsnivået basert på offentleg tilgjengelege sertifiseringar og retningslinjer</td><td>Ja</td><td>Ja</td></tr> <tr> <td>Eigenvurdering</td><td>Eigenvurdering som vurderer modenheit av standardar, retningslinjer og sertifiseringar</td><td>Ja (5)</td><td>Ja (20)</td></tr> <tr> <td>Medieovervaking</td><td>Identifisering av negative varsel i offentlege medium ved bruk av kunstig intelligens</td><td>Ja</td><td>Ja</td></tr> <tr> <td>Opplæring</td><td>Gjennomføring av opplæring for arbeidatar og/eller leiing for bevisstgjering</td><td>Ja</td><td>Nei</td></tr> <tr> <td>Interessentengasjement</td><td>Engasjement og dialog med berørte interessentar</td><td>Ja</td><td>Ja</td></tr> <tr> <td>Leverandørengasjement</td><td>Gjennomføre medarbeidarundersøkingar, og/eller etablere varslingsmekanismar hos leverandøren</td><td>Ja</td><td>Nei</td></tr> <tr> <td>Skrivebordsrevisjon</td><td>Skrivebordsrevisjon for å inspisere og kontrollere implementering av utbetingstiltak</td><td>Ja</td><td>Ja</td></tr> <tr> <td>Revisjon på staden</td><td>Revisjon på staden for å inspisere og kontrollere gjennomføring av utbetingstiltak</td><td>Ja (5)</td><td>Ja (1)</td></tr> </tbody> </table>			Type tiltak	Beskriving	Eiga verksemد	Leverandørar	Etiske retningslinjer	Skriftleg forpliktning til å etterleve Ulstein Groups etiske retningslinjer	Ja	Ja	Vurdering av modenheit	Vurdere modenheitsnivået basert på offentleg tilgjengelege sertifiseringar og retningslinjer	Ja	Ja	Eigenvurdering	Eigenvurdering som vurderer modenheit av standardar, retningslinjer og sertifiseringar	Ja (5)	Ja (20)	Medieovervaking	Identifisering av negative varsel i offentlege medium ved bruk av kunstig intelligens	Ja	Ja	Opplæring	Gjennomføring av opplæring for arbeidatar og/eller leiing for bevisstgjering	Ja	Nei	Interessentengasjement	Engasjement og dialog med berørte interessentar	Ja	Ja	Leverandørengasjement	Gjennomføre medarbeidarundersøkingar, og/eller etablere varslingsmekanismar hos leverandøren	Ja	Nei	Skrivebordsrevisjon	Skrivebordsrevisjon for å inspisere og kontrollere implementering av utbetingstiltak	Ja	Ja	Revisjon på staden	Revisjon på staden for å inspisere og kontrollere gjennomføring av utbetingstiltak	Ja (5)	Ja (1)
Type tiltak	Beskriving	Eiga verksemد	Leverandørar																																								
Etiske retningslinjer	Skriftleg forpliktning til å etterleve Ulstein Groups etiske retningslinjer	Ja	Ja																																								
Vurdering av modenheit	Vurdere modenheitsnivået basert på offentleg tilgjengelege sertifiseringar og retningslinjer	Ja	Ja																																								
Eigenvurdering	Eigenvurdering som vurderer modenheit av standardar, retningslinjer og sertifiseringar	Ja (5)	Ja (20)																																								
Medieovervaking	Identifisering av negative varsel i offentlege medium ved bruk av kunstig intelligens	Ja	Ja																																								
Opplæring	Gjennomføring av opplæring for arbeidatar og/eller leiing for bevisstgjering	Ja	Nei																																								
Interessentengasjement	Engasjement og dialog med berørte interessentar	Ja	Ja																																								
Leverandørengasjement	Gjennomføre medarbeidarundersøkingar, og/eller etablere varslingsmekanismar hos leverandøren	Ja	Nei																																								
Skrivebordsrevisjon	Skrivebordsrevisjon for å inspisere og kontrollere implementering av utbetingstiltak	Ja	Ja																																								
Revisjon på staden	Revisjon på staden for å inspisere og kontrollere gjennomføring av utbetingstiltak	Ja (5)	Ja (1)																																								
	<p style="text-align: center;">Beskriving av resultat eller forventa resultat</p> <table border="1"> <tr> <td>Eiga verksemد</td><td> <p>Gjennom stikkprøver og internrevisjonar i eiga verksemd, blir fokus på etterleving av Ulstein Groups reglar og retningslinjer oppretthalde, og innleigde arbeidstakrar får auka kunnskap om og tillit til at Ulstein Group tar arbeidet med dette på alvor. I 2024 var det totalt fire (4) revisjonar i eiga verksemd, i tillegg til ein (1) myndighetsrevisjon. Samstundes utførte Ulstein Group ein (1) revisjon på staden hos ein av selskapets største leverandørar basert på omsetning. Stikkprøver og revisjonar aukar sjansen for at Ulstein Group blir varsla dersom det skulle førekome brot på retningslinjene i eiga verksemd, eller i vår leverandørkjede. Opplæring av eigne tilsette aukar kunnskapen om gjeldande reglar og retningslinjer og gjer at våre tilsette er betre rusta for å avdekke og varsle om eventuelle faktiske negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd og i vår leverandørkjede.</p> <p>Som førebyggande tiltak er det vidare implementert eit etterlevingsprogram for å sikre at tilsette i Ulstein Group opptrer i tråd med krava i våre etiske retningslinjer. Vårt etterlevings-program inkluderer regelmessig opplæring av tilsette og består av ein kombinasjon av digitale nano-læringsmodular og klasseromseansar. Opplæringa inkluderer mellom anna dilemmatrening og bevisstgjering innan tema som arbeidstakarrettar, diskriminering, varsling, HMS og anti-korrasjon.</p> <p>For å redusere risikoen for negative konsekvensar hos leverandørar som utfører arbeid på Ulstein Groups forretningsområde, blir det utført stikkprøver og regelmessige undersøkingar i tråd med krav i "Forskrift om informasjons- og påsjåplikt og innsynsrett". Ulstein har etablert prosedyrar for etterleving av påsjåplikta i praksis og har eit eige team dedikert til dette arbeidet.</p> <p>I 2024 har vi også styrka samarbeidet vårt med Prowave, ein global plattform for leverandørkjedeintelligens, for å betre overvakninga og risikovurderingane av leverandørane våre. Dette inkluderer:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sjølvstendige vurderinger og due-diligence spørjeskjema for å sikre at leverandørane våre oppfyller standardane våre for menneskerettar og arbeidsforhold. • Hendingsgjennomgangar for å raskt identifisere og respondere på vesentlege risikoar for negative konsekvensar knytt til grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold i Ulstein Groups leverandørkjede. • Regelmessige oppdateringar og opplæring for leverandørane våre for å sikre kontinuerleg etterleving av våre etiske retningslinjer. <p>I løpet av 2024 har konsernet gjennomført 144 tiltak gjennom Prowave for å redusere risikoen for negative konsekvensar og oppretthalde høge standardar i leverandørkjeda. Av disse er 40 fullført, 102 under arbeid og 2 planlagt.</p> </td></tr> </table>			Eiga verksemد	<p>Gjennom stikkprøver og internrevisjonar i eiga verksemd, blir fokus på etterleving av Ulstein Groups reglar og retningslinjer oppretthalde, og innleigde arbeidstakrar får auka kunnskap om og tillit til at Ulstein Group tar arbeidet med dette på alvor. I 2024 var det totalt fire (4) revisjonar i eiga verksemd, i tillegg til ein (1) myndighetsrevisjon. Samstundes utførte Ulstein Group ein (1) revisjon på staden hos ein av selskapets største leverandørar basert på omsetning. Stikkprøver og revisjonar aukar sjansen for at Ulstein Group blir varsla dersom det skulle førekome brot på retningslinjene i eiga verksemd, eller i vår leverandørkjede. Opplæring av eigne tilsette aukar kunnskapen om gjeldande reglar og retningslinjer og gjer at våre tilsette er betre rusta for å avdekke og varsle om eventuelle faktiske negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd og i vår leverandørkjede.</p> <p>Som førebyggande tiltak er det vidare implementert eit etterlevingsprogram for å sikre at tilsette i Ulstein Group opptrer i tråd med krava i våre etiske retningslinjer. Vårt etterlevings-program inkluderer regelmessig opplæring av tilsette og består av ein kombinasjon av digitale nano-læringsmodular og klasseromseansar. Opplæringa inkluderer mellom anna dilemmatrening og bevisstgjering innan tema som arbeidstakarrettar, diskriminering, varsling, HMS og anti-korrasjon.</p> <p>For å redusere risikoen for negative konsekvensar hos leverandørar som utfører arbeid på Ulstein Groups forretningsområde, blir det utført stikkprøver og regelmessige undersøkingar i tråd med krav i "Forskrift om informasjons- og påsjåplikt og innsynsrett". Ulstein har etablert prosedyrar for etterleving av påsjåplikta i praksis og har eit eige team dedikert til dette arbeidet.</p> <p>I 2024 har vi også styrka samarbeidet vårt med Prowave, ein global plattform for leverandørkjedeintelligens, for å betre overvakninga og risikovurderingane av leverandørane våre. Dette inkluderer:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sjølvstendige vurderinger og due-diligence spørjeskjema for å sikre at leverandørane våre oppfyller standardane våre for menneskerettar og arbeidsforhold. • Hendingsgjennomgangar for å raskt identifisere og respondere på vesentlege risikoar for negative konsekvensar knytt til grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold i Ulstein Groups leverandørkjede. • Regelmessige oppdateringar og opplæring for leverandørane våre for å sikre kontinuerleg etterleving av våre etiske retningslinjer. <p>I løpet av 2024 har konsernet gjennomført 144 tiltak gjennom Prowave for å redusere risikoen for negative konsekvensar og oppretthalde høge standardar i leverandørkjeda. Av disse er 40 fullført, 102 under arbeid og 2 planlagt.</p>																																						
Eiga verksemد	<p>Gjennom stikkprøver og internrevisjonar i eiga verksemd, blir fokus på etterleving av Ulstein Groups reglar og retningslinjer oppretthalde, og innleigde arbeidstakrar får auka kunnskap om og tillit til at Ulstein Group tar arbeidet med dette på alvor. I 2024 var det totalt fire (4) revisjonar i eiga verksemd, i tillegg til ein (1) myndighetsrevisjon. Samstundes utførte Ulstein Group ein (1) revisjon på staden hos ein av selskapets største leverandørar basert på omsetning. Stikkprøver og revisjonar aukar sjansen for at Ulstein Group blir varsla dersom det skulle førekome brot på retningslinjene i eiga verksemd, eller i vår leverandørkjede. Opplæring av eigne tilsette aukar kunnskapen om gjeldande reglar og retningslinjer og gjer at våre tilsette er betre rusta for å avdekke og varsle om eventuelle faktiske negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd og i vår leverandørkjede.</p> <p>Som førebyggande tiltak er det vidare implementert eit etterlevingsprogram for å sikre at tilsette i Ulstein Group opptrer i tråd med krava i våre etiske retningslinjer. Vårt etterlevings-program inkluderer regelmessig opplæring av tilsette og består av ein kombinasjon av digitale nano-læringsmodular og klasseromseansar. Opplæringa inkluderer mellom anna dilemmatrening og bevisstgjering innan tema som arbeidstakarrettar, diskriminering, varsling, HMS og anti-korrasjon.</p> <p>For å redusere risikoen for negative konsekvensar hos leverandørar som utfører arbeid på Ulstein Groups forretningsområde, blir det utført stikkprøver og regelmessige undersøkingar i tråd med krav i "Forskrift om informasjons- og påsjåplikt og innsynsrett". Ulstein har etablert prosedyrar for etterleving av påsjåplikta i praksis og har eit eige team dedikert til dette arbeidet.</p> <p>I 2024 har vi også styrka samarbeidet vårt med Prowave, ein global plattform for leverandørkjedeintelligens, for å betre overvakninga og risikovurderingane av leverandørane våre. Dette inkluderer:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sjølvstendige vurderinger og due-diligence spørjeskjema for å sikre at leverandørane våre oppfyller standardane våre for menneskerettar og arbeidsforhold. • Hendingsgjennomgangar for å raskt identifisere og respondere på vesentlege risikoar for negative konsekvensar knytt til grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold i Ulstein Groups leverandørkjede. • Regelmessige oppdateringar og opplæring for leverandørane våre for å sikre kontinuerleg etterleving av våre etiske retningslinjer. <p>I løpet av 2024 har konsernet gjennomført 144 tiltak gjennom Prowave for å redusere risikoen for negative konsekvensar og oppretthalde høge standardar i leverandørkjeda. Av disse er 40 fullført, 102 under arbeid og 2 planlagt.</p>																																										


	<p>Desse tiltaka er ein del av den kontinuerlege innsatsen vår for å sikre at Ulstein Group og våre leverandørar opererer i tråd med høge standardar for etikk og samfunnsansvar.</p>
Direkteleverandørar	<p>Fleire førebyggande tiltak er sett i verk for å redusere risikoene for negative konsekvensar i Ulstein Groups leverandørkjede. Det blir gjennomført adekvate aktsemdvurderingar av alle leverandørar, som står i forhold til identifisert risiko og Ulstein Groups mogelegheit for påverknad. Det blir gjort jamlege revisjonar av skrogleverandør(ar) og andre større direkteleverandørar etter behov. I 2024 vart det gjennomført ein revisjon av vår skrogleverandør med hovudfokus på HMS. Ulstein Verft AS har eit dedikert prosjektteam i Polen som sørger for kontinuerleg oppfølging av skrogleverandør, bl.a. gjennom HMS-rundar minst ein gong per veke og regelmessige møter med skrogleverandør der anstendige arbeidsforhold, forsvarleg verneutstyr, fare for fall, fare for fallande gjenstandar og brannfare er tema. I tillegg blir responsen frå skrogleverandørs industrivern jamleg vurdert. Resultatet av vurderingane blir oppsummert i eigne rapportar for oppfølging skrogleverandør. Vi opplever den tette oppfølginga av skrogleverandør har gitt utslag i betre etterleving og redusert risiko for negative konsekvensar.</p> <p>Alle direkteleverandørar i Ulstein Group må forplikte seg til å overhalde "Code of Conduct for ULSTEIN's Business Partners" der det mellom anna blir stilt klare krav til å sikre grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksem og i sine leverandørkjeder. Vi ser til at prinsippa i dei etiske retningslinjene våre vert overhaldne gjennom bl.a. overvaking gjennom vårt digitale system for risikovurdering og overvakning.</p> <p>Nye direkteleverandørar er forplikt til å fylle ut dedikerte spørjeskjema med eigenvurdering av bl.a. retningslinjer og sertifiseringar. 330 direkteleverandørar har fullført slike spørjeskjema og relevant informasjon er lagt inn i vårt digitale system for risikovurdering og overvakning, noko som resulterer i meir presise og grundigare kartlegging.</p>
Indirekte leverandørar	<p>For å redusere vesentleg risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold hos indirekte leverandørar, stiller Ulstein Group klare krav i kontraktar med sine direkteleverandørar om å sikre dette også i sine respektive leverandørkjeder. Gjennom overvakning av Ulstein Groups indirekte leverandørar gjennom vårt digitale system for risikovurdering og overvakning, får vi varsel om negative hendingar hos identifiserte indirekte leverandørar som blir formidla til og følgd opp mot den ansvarlege direkteleverandør. 4 indirekte leverandørar har fullført Ulstein Groups spørjeskjema med eigenvurdering i 2024, og relevant informasjon er lagt inn i vårt digitale system for risikovurdering og overvakning.</p> <p>Implementering av konkrete risikoreduserande tiltak blir gjort i samarbeid med relevante direkteleverandørar. I samarbeid med skrogleverandør, er det iverksett tiltak for oppfølging av deira underleverandørar, bl.a. ved at vårt dedikerte prosjektteam i Polen gjennomfører HMS-rundar på verftsområdet ein gong per veke. Eventuelle funn eller avvik blir rapporterte inn for vidare oppfølging av vår direkteleverandør. Prosjektteamet har òg regelmessige møter med skrogleverandør der bl.a. anstendige arbeidsforhold i deira leverandørkjede, forsvarleg verneutstyr, fare for fall, fare for fallande gjenstandar og brannfare er tema. Vi ser at dette har gitt utslag i betre etterleving og redusert risiko for negative konsekvensar.</p>

Årleg rapport etter paragraf 5 i openheitslova

Signatur

Vi står ved vår plikt til å respektere internasjonal anerkjende menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, og vi vil halde fram med å arbeide systematisk saman med våre tilsette, leverandørar og forretningspartnerar for å identifisere, forhindre og/eller avbøte faktiske negative konsekvensar og vesentleg risiko for negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold knytt til Ulstein Group si verksem som beskrive ovanfor.

Denne årlege rapporten er utgitt av og signert av styret og konsernsjefen i Ulstein Group ASA og er tilgjengeleg på Ulsteins Group si nettside ([Transparency Act / Openheitslova - Ulstein](#)).

Tore Ulstein Styreleiar	 <p>Digitalt signert av Ulstein, Tore Dato: 2025-06-17 16:10:12+02:00</p>	 <p>Ingerid Ulstein Nestleiar i styret Date: 2025-06-20 09:56:30+02:00</p>
Olav Holst Dyrnes Styremedlem	 <p>Digitalt signert av Holst- Dyrnes, Olav Date: 2025-06-18 08:30:18+02:00</p>	 <p>Maria Bos Styremedlem Date: 2025-06-18 07:41:17+02:00</p>
Ole Henrik Bjørge Styremedlem	 <p>Digitalt signert av Bjørge, Ole Henrik Date: 2025-06-18 10:21:57+02:00</p>	 <p>Gunvor Ulstein Konsernsjef Date: 2025-06-17 16:44:35+02:00</p>